


## 5. Scenekunst

### 5.1. Nokre resultat

2,5 millionar besøk på teater-, opera- og danseframscyningar

Det har vore stor aktivitet i scenekunstfeltet. Totalt for teater og opera og frie grupper innanfor teater og dans var det om lag 2,5 millionar besøk i 2011. Det var til saman 162 000 færre besøk enn året før, ein nedgang på 6 prosent. Etter ein svak nedgang i besøkstala for 2009 i institusjonsteatera inkludert opera er det dei to siste åra registrert ein auke i tilskodartala. Desse tala inkluderer besøk med Den kulturelle skolesekken (DKS). Frie grupper innanfor dans og teater har det siste året registrert ein nedgang i tilskodartala. Sjå figur 5.1.

Figur 5.1. Tilskodarar ved teater og opera og frie grupper innan teater og dans. 2000-2011



Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og Danse- og teatersentrum.


1,8 millionar teaterbesøk i NTO-institusjonane

Den Norsk teater- og orkesterforening (NTO) har 32 teaterinstitusjonar som medlemmer per 2011. Desse 32 institusjonane hadde 1,8 millionar besøk i 2011. Etter ein nedgang i publikumsoppslutninga i 2009 ser det no ut til at besøkstala har teke seg opp att, det siste året gav ein auke på 25 000 tilskodarar. Dei totale tilskodartala inkluderer ein auke i framscyningar og publikum på produksjonar for barn og unge siste året. Besøkstala på produksjonar for barn og unge seier ikkje noko om fordelinga mellom vaksne og unge.

10 700 framscyningar

Aktiviteten i NTO-institusjonane er framleis høg. Teater- og operainstitusjonane heldt 10 700 framscyningar, nokre fleire enn året før. Om lag 4 200 av framscyningane var oppsetjingar for barn og unge, 850 fleire enn førre året.


Tilskodarar per framscyning har siste året minka noko, både totalt og for framscyningar for barn og ungdom. Som nemnt over har både framscyningar og tilskodartalet for produksjonar for barn og ungdom auka, men tilskodartalet per framscyning for barn og unge har gått ned med 17, til 155. Sjå figur 5.2 og tabell 5.1.

Figur 5.2. Tilskodarar ved teater og opera<sup>1</sup>. 2006-2011

<sup>1</sup> Gjeld teater som er medlem av NTO. <sup>2</sup> Nytt i 2009. <sup>3</sup> Frå 1.1.2010 inngår Det Apne Teater i Dramatikkens Hus. <sup>4</sup> Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009. <sup>5</sup> Nytt teater frå 2011.  
Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

18 av de 32 NTO-institusjonane fekk direkte tilskot frå staten. Totalt var det 19 institusjonar som fekk statleg eller regionalt driftstilskot i 2011. Ein av tilskotsinstitusjonane er ikkje medlem av NTO. Dei økonomiske nøkkeltala for tilskots-teatera syner at desse 19 institusjonane til saman hadde inntekter på nær 1,7 milliardar kroner i 2011. 70 prosent av inntektene var tilskot frå staten, 9 prosent var regionale driftstilskot, og 21 prosent var andre inntekter. Det er om lag same fordelinga som året før; mens delen frå staten har auka noko, har andre inntekter gått litt ned. Regionale tilskot har halde seg stabile. Samla driftsresultat for tilskotsinstitusjonane i 2011 var eit overskot på 26 000. I 2011 blei det utført 1 848 årsverk ved desse 19 tilskotsinstitusjonane. Dette er eitt årsverk mindre enn siste året, men ein auke på 212 årsverk sidan 2006. Sjå figur 5.3 og tabell 5.2.

Figur 5.3. Teater og opera. Inntekter for tilskotsteatera. 2004-2011. 1 000 kroner



Kjelde: KUD, Prop. 1 S.

*Fri scenekunst – nær  
700 000 tilskodarar*

Med atterhald om kor mange medlemsgrupper som har rapportert, oppgir den frie scenekunsten lågare besøkstal for 2011 enn året før, til tross for nokre fleire framsyningar siste år. Samanlikna med 2009, som var eit svakt år, synest både talet på framsyningar og tilskodarar å vere høgare i 2011. Til saman hadde dei frie teater- og dansegruppene 700 000 besøk på 6 600 framsyningar. Desse tala utgjer ein nedgang i besøk på 20 prosent i høve til året før. Dei fleste av framsyningane var retta mot barn, 90 prosent, ein mykje høgare del enn i 2010. Det var i gjennomsnitt 105 besøk per framsyning. 132 frie teater- og dansegrupper har rapportert tal til Danse- og teatersentrum for 2011, 27 fleire grupper enn i 2010. 100 av gruppene som har rapportert, var teatergrupper, og 32 var dansegrupper (sjå tabell 5.3).


*Norsk scenekunstbruk –  
færre tilskodarar*

Norsk scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst. I 2011 blei det formidla 62 produksjonar gjennom Norsk scenekunstbruk sitt nettverk, 2 færre enn i 2010, litt under nivået i 2007 og 2008. Desse 62 produksjonane hadde til saman 2 636 framsyningar, 2 154 av desse var for barn og unge. Talet på framsyningar i 2011 representerer ein nedgang på drygt 280. Framsyningane hadde totalt ei oppslutning på 263 900 tilskodarar, ein nedgang på 5 600 tilskodarar frå førre året. Talet på tilskodarar på framsyningar for barn og unge har også minka noko. I 2010 var 83 prosent av tilskodarane barn og unge, deretter fall prosentdelen til 76 i 2011. Talet på framsyningane retta mot barn og unge gjekk ned med 380 frå 2010 til 2011. Sidan 2000 har talet på framsyningar blitt firedobla, og tilskodarar på framsyningane til Norsk scenekunstbruk er meir enn tredobla (sjå tabell 5.4).

*53 prosent på teater,  
musikal eller revy siste tolv  
månader i 2008*

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå denne og tidlegare undersøkingar er presenterte i kulturstatistikk 2008 og 2009. Figur 5.4 gir eit bilete av kor mange prosent som hadde vore på teater, musikal eller revy, opera eller operette og ballett- eller danseframsyning siste tolv månader i åra 1997, 2000, 2004 og 2008.

**Figur 5.4. Personar som har vore på ballett eller danseframsyning, opera- eller operetteframsyning og teater, musikal dei siste 12 månadene.1997, 2000, 2004 og 2008. Prosent**



Kjelde: Norsk kulturbarometer, Statistisk sentralbyrå.

## 5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane

*Norsk teater- og orkesterforening (NTO)*

NTO, jamfør avsnitt 6.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 44 medlemmer innanfor teater, dans, opera, kor og orkester- og folkemusikk. Medlemmene består av nasjonale og regionale institusjonar innanfor teater, opera, orkester og dans og offentleg støtta programmerande teater, produserande teater og scener, profesjonelle kor, ensemble og orkester. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekkje arbeidstakarorganisasjonar (NTO).

Tala som blir presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, då medlemstalet i NTO i fleire år har auka med eitt medlem. Også talet på framsyningar har vore utilfredsstillande rapportert for nokre teater åra før 2010, men seinare har alle dei 32 teatera rapportert både framsyningar og tilskodartal. Dei samanlagde tala for framsyningar og tilskodartal 2010 og 2011 er justerte for gjestespel. Tala frå NTO inkluderer besøk frå DKS.

*Danse- og teatersentrum (DTS)*

Danse- og teatersentrum (DTS) er eit kompetansesenter som fremmar profesjonell scenekunst nasjonalt og internasjonalt. DTS arbeider primært med fri scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977, på initiativ frå kunstnarar i det frie scenekunstheltet. Hovudmålet var å få etablert ei støtteordning for scenekunstgrupper som arbeidde utanfor institusjonane. DTS er organisert som ein nettverksorganisasjon (DTS). Heller ikkje tala for det frie scenekunstheltet kan heilt samanliknast då talet på medlemmer som sender rapportar til DTS, varierer noko frå år til år. I 2011 var 93 produksjonseiningar/samanslutningar medlemmer i DTS. Tala som er rapporterte i tabellen, gjeld både medlemmer av DTS og ikkje-medlemmer.

*Norsk scenekunstbruk*

Norsk scenekunstbruk er den største og viktigaste landsdekkjande formidlaren av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Norsk scenekunstbruk er også den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i DKS. Norsk scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det blir lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Nettverket omfatta i 2011 18 fylke (ikkje Oslo) og 429

kommunar. Frå 2009 er forvaltninga av produksjonsmidlane til scenekunst for barn og unge innanfor DKS flytta frå Norsk kulturråd til Norsk scenekunstbruk AS. Nokre av gruppene rapporterer òg tal på produksjonar og tilskodarar gjennom DTS (Norsk scenekunstbruk).

**Norsk teaterråd** Norsk teaterråd er ein landsomfattande paraply- og interesseorganisasjon på det frivillige scenekunstfeltet. Organisasjonen har 16 medlemsorganisasjonar i 2011, enkelte er landsdekkjande, andre er regionale. Tala frå Norsk teaterråd er oppdaterte til og med 2010. Tabell 5.5 syner derfor tala for 2010. For 2010 rapporterte 13 medlemsorganisasjonar aktiviteten til Norsk teaterråd. Nokre av medlemmene driv berre med amatørteater, andre arbeider på fleire kulturområde. Norsk teaterråd har fylkesråd i fleire fylke. Norsk teaterråd forvaltar fleire offentlege tilskotsordningar, under dette Frifond teater, Scenetekstfondet og Spelfondet (Norsk teaterråd).

**Frifond teater** Frifond teater er ein del av Frifond, ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokalsamfunn. Frifond teater har som mål å gi støtte til amatørgrupper innanfor teater, levande rollespel og dans. Det blir òg gitt tilskot til framsyningar og kurs i eigen regi, men òg til større arrangement. Målsetjinga med ordninga Frifond teater er å medverke til at interessa for teater og dans på lokalt plan aukar (Frifond teater).

**Kulturbruksundersøkingane** Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008 (og i Kulturstatistikk 2008 og 2009).

### Referansar

DTS - Danse- og teatersentrum, om oss: (<http://www.danseogteatersentrum.no>)

Frifond teater: (<http://www.frifond.no/teater>)

Norsk scenekunstbruk, om oss: (<http://www.scenekunstbruket.no>)

NTO - Norsk teater- og orkesterforening, om oss: (<http://www.nto.no>)

Norsk teaterråd, om oss: (<http://www.teater.no>)

### Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive».

(<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>)

Statistisk sentralbyrå (2012): *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127.

(<http://www.ssb.no/publikasjoner/>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107,

Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå.

([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

Tabell 5.1. Framsyningar og tilskodarar ved teater<sup>1</sup> og opera. 2003-2011

	Framsyningar		Tilskodarar		Tilskodarar per framsyning		Turnéframsyningar <sup>2</sup>	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Framsyningar	Tilskodarar
2003 .....	7 522	3 304	1 549 064	663 119	206	201	2 339	414 486
2004 .....	8 149	3 455	1 621 290	670 996	198	194	2 668	448 377
2005 .....	8 677	4 065	1 561 253	687 328	180	169	2 901	421 860
2006 .....	9 624	3 884	1 781 755	651 160	185	168	3 346	461 115
2007 .....	9 268	3 664	1 792 395	663 901	193	181	3 119	459 295
2008 .....	9 803	4 198	1 858 855	717 027	190	171	3 125	452 732
2009 .....	9 721	4 254	1 785 255	646 920	184	152	3 277	432 205
2010 .....	<sup>7</sup> 9 683	3 408	<sup>7</sup> 1 820 370	584 779	188	172	2 890	388 533
2011 .....	<sup>8</sup> 10 676	4 264	<sup>8</sup> 1 845 231	659 773	173	155	3 951	559 346
<b>2011</b>								
Agder Teater <sup>9</sup> .....	117	77	15 926	7 479	136	97	38	3 083
Akershus teater .....	471	422	53 230	44 290	113	105	455	52 275
Avant Garden .....	408	201	20 927	16 032	51	80	130	5 478
BIT Teatergarasjen .....	478	14	71 008	1 683	149	120	338	63 410
Black Box Teater .....	211	20	14 267	2 351	68	118	-	-
Brageteatret .....	368	356	37 301	35 654	101	100	298	30 238
Carte Blanche Norges nasjonale kompani for samtidsdans .....	76	24	24 135	8 207	318	342	61	19 008
Dansens hus .....	214	61	37 170	11 908	174	195	62	19 685
Den Nationale Scene .....	714	318	131 529	41 869	184	132	19	1 297
Den Norske Opera & Ballett ....	477	95	285 895	36 728	599	387	25	10 980
Den Nye Opera .....	39	19	16 576	6 881	425	362	5	751
Det Norske Teatret .....	1 028	115	177 328	19 741	172	172	119	26 147
Det samiske nasjonalteatret								
Beaivváš .....	76	17	7 227	1 744	95	103	51	5 167
Dramatikkens hus <sup>3</sup> .....	120	24	6 535	1 699	54	71	-	-
Haugesund Teater .....	136	109	24 298	24 298	179	223	16	6 586
Hordaland Teater .....	221	217	24 020	22 420	109	103	165	19 495
Hålogaland Teater .....	488	174	58 580	19 203	120	110	98	7 618
Nationaltheatret .....	817	124	182 215	52 068	223	420	41	3 799
Nordland Teater .....	251	84	25 220	9 986	100	119	148	13 931
Nord-Trøndelag Teater .....	148	86	16 868	13 858	114	161	110	13 034
Opera Sør .....	13	6	3 059	1 427	235	238	9	1 205
Oslo Nye Teater <sup>6</sup> .....	661	<sup>6</sup> 275	148 325	<sup>6</sup> 44 723	224	163	73	12 465
Riksteatret .....	586	256	125 180	55 333	214	216	438	95 706
Rogaland Teater .....	771	213	135 808	59 707	176	280	218	9 501
Sogn og Fjordane Teater .....	270	211	25 287	15 753	94	75	255	22 998
Teater Ibsen .....	221	131	26 629	10 364	120	79	136	15 780
Teater Innlandet <sup>4</sup> .....	273	116	21 061	7 948	77	69	204	14 955
Teater Manu - norsk tegnspråketeater .....	64	-	6 655	-	104	-	38	47 000
Teatret Vårt .....	390	196	37 369	21 741	96	111	209	23 229
Trøndelag Teater .....	618	153	109 689	52 933	177	346	33	1 466
Østfold teater .....	136	125	11 521	10 138	85	81	133	11 265
Åajelhaemien Teatere <sup>5</sup> .....	26	25	1 794	1 607	69	64	26	1 794

<sup>1</sup> Gjeld dei teatera som er medlemmer i NTO. <sup>2</sup> Medrekna turnéar i utlandet. <sup>3</sup> Frå 1.1.2010 inngår Det Åpne Teater i Dramatikkens Hus. <sup>4</sup> Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009. <sup>5</sup> Nytt teater frå 2011. <sup>6</sup> Tala er henta inn frå Oslo Nye Teater. <sup>7</sup> Endra sidan førre utgåve, korrigerert for samarbeidsproduksjonar, i alt 17 produksjonar over 38 framsyningar med 9805 tilskodarar. Vidare var det 169948 besøk på framsyningar for den kulturelle skolesekken. <sup>8</sup> Tala er korrigererte for samarbeidsproduksjonar, i alt 27 produksjonar over 211 framsyningar med 37401 tilskodarar. Vidare var det 185936 besøk på framsyningar for den kulturelle skolesekken. <sup>9</sup> Flytting til Kilden gav lågare aktivitet enn normalt.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening, dei enkelte teatera og Kulturdepartementets Prop 1 S 2012-2013 side 110.

Tabell 5.2. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatera. 2003-2011. 1 000 kroner

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter	Driftskostnader	Årsverk
2003	676 677	79 247	190 493	928 878	1 492
2004	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536
2005	741 239	86 885	220 121	1 041 651	1 594
2006	787 079	94 119	274 664	1 144 229	1 636
2007	851 288	103 411	247 350	1 198 479	1 671
2008	946 586	131 709	373 110	1 473 136	1 791
2009	1 026 506	142 884	350 556	1 467 137	1 810
2010	1 139 253	153 463	379 659	1 619 602	1 849
2011	1 221 786	163 542	359 039	1 718 851	1 848

## 2011

Kilden - Agder Teater <sup>1</sup>	25 397	12 512	5 306	46 886	40
Beaivváš Sámi Teáhter <sup>2</sup>	-	16 900	1 022	17 300	21
Carte Blanche A/S	20 951	8 979	3 697	32 914	29
Den Nationale Scene <sup>3</sup>	98 618	-	31 222	128 553	145
Den Norske Opera og Ballett	488 575	-	148 300	628 188	634
Det Norske Teatret	142 076	-	38 899	174 128	198
Haugesund Teater	8 931	3 837	1 855	15 314	15
Hordaland Teater	9 515	4 271	798	15 327	9
Hålogaland Teater	42 372	18 159	8 392	67 263	67
Nationaltheatret	161 894	-	49 089	209 805	243
Nord-Trøndelag Teater	10 012	5 559	1 894	16 863	18
Nordland Teater	23 102	9 901	4 128	35 165	30
Peer Gynt-stemnet <sup>4</sup>	3 621	2 146	8 840	14 000	9
Rogaland Teater	48 346	21 974	23 400	93 269	112
Sogn og Fjordane Teater	16 250	6 964	1 504	24 144	24
Teater Ibsen	22 450	9 621	1 768	33 083	28
Teater Innlandet	19 267	8 257	2 104	27 993	25
Teatret Vårt	20 699	8 872	3 846	34 068	41
Trøndelag Teater	59 710	25 590	22 975	104 588	160

<sup>1</sup> Agder Teater driv også kulturhuset i Kristiansand kommune. Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der kulturhusdrifta er inkludert. <sup>2</sup> Beaivváš Sámi Teáhter får fast årlig driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune, som i 2011 utgjorde respektive 16,1 millionar kroner og 0,8 millionar kroner. <sup>3</sup> Den Nationale Scene fekk i 2011 eit ordinært driftstilskot på 99 618 000 kroner. Av dette er 1 million kroner ikkje inntektsførd, men avsatt som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostnader knytta til lånefinansierte behov for utbetring. <sup>4</sup> For Peer Gynt-stemnet er oppførte tal henta frå prosjektrekneskapsrapport for stemnet, bortsett frå eigenkapital, som gjeld Peer Gynt AS.

Kjelde: Kulturdepartementet, Prop. 1 S.

Tabell 5.3. Frie teater- og dansegrupper. 1993-2011

	Grupper i alt	Teatergrupper	Dansegrupper	Medlemmer i alt	Nye produksjonar i alt	Framsyingar		Besøk i alt	Besøk per framsyning
						Framsyingar			
						I alt	Av dette for barn		
1993	31	28	3	111	78	2 153	2 177	202 478	94
1994	37	33	4	119	65	1 998	1 278	208 141	104
1995	35	31	4	101	42	1 686	1 270	163 189	97
1996	34	29	6	101	42	1 914	1 285	203 664	106
1997	34	23	11	..	..	1 777	869	221 080	124
1998	38	33	5	110	45	1 356	869	177 259	131
1999	51	42	9	..	37	1 928	900	227 186	118
2000	56	46	10	109	35	1 591	861	263 130	165
2001	59	48	11	142	40	2 366	1 318	279 550	118
2002	79	66	13	254	59	2 865	1 859	379 960	133
2003 <sup>2</sup>	81	64	17	227	40	3 167	2 482	348 658	110
2004 <sup>1</sup>	84	65	19	243	37	3 422	2 511	376 575	110
2005 <sup>3</sup>	72	55	17	199	75	3 862	2 781	496 070	128
2006 <sup>4</sup>	95	69	26	231	67	3 649	2 948	415 597	113
2007 <sup>5</sup>	98	74	24	247	52	3 938	3 202	481 990	122
2008 <sup>6</sup>	86	66	20	312	35	5 648	3 407	635 729	113
2009	110	61	49	..	..	5 392	3 831	561 762	104
2010 <sup>7</sup>	106	82	24	..	..	6 057	4 012	878 002	145
2011 <sup>8</sup>	132	100	32	..	..	6 645	5 956	700 731	105

<sup>1</sup> Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. <sup>2</sup> Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk scenekunstbruk. <sup>3</sup> Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>4</sup> Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>5</sup> Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>6</sup> Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>7</sup> Tala inkluderer rapport frå 56 av 97 medlemmer, dessutan rapport frå 49 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. <sup>8</sup> Tala inkluderer rapport frå 41 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 91 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

Tabell 5.4. Norsk scenekunstbruk. Produksjoner, Framsyninger og tilskodarar, etter aldersgrupper, 2000-2011

Produksjoner	Framsyninger			Tilskodarar			
	I alt	Barn/ unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over	I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over	
2000	..	695	430	265	76 443	47 056	29 387
2001	..	983	795	188	103 774	85 223	18 551
2002	..	902	727	175	87 258	66 818	20 440
2003	..	1 384	1 280	104	135 834	119 980	15 854
2004	53	1 946	1 782	164	190 519	175 471	15 048
2005	53	2 148	2 088	60	222 834	213 502	9 332
2006	57	2 350	2 223	127	228 383	212 637	15 746
2007	68	2 191	1 960	231	211 434	190 028	21 406
2008	65	2 649	2 213	436	243 159	197 869	45 290
2009	56	2 556	2 382	174	239 214	217 803	21 411
2010	64	2 911	2 533	378	269 518	222 582	46 936
2011	62	2 636	2 154	482	263 898	201 766	62 132

Kjelde: Norsk scenekunstbruk.

Tabell 5.5. Norsk teaterråd. Talet på produksjoner, framsyninger, aktørar og tilskodarar, 2008-2010

	2008				2009				2010			
	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Til- skodarar
AOF Noreg	30	95	998	9 000	31	108	1 015	9 000	31	101	1 028	9 000
HATS	-	-	-	-	155	232	1 949	46 958	-	-	-	-
Juvente	2	91	11	19 000	1	56	4	9 000	-	-	-	-
Norges bygdeungdomslag	8	8	72	675	19	24	103	1 920	12	42	590	3 188
Norges døveforbund	7	7	44	400	-	-	-	-	-	-	-	-
Norges KFUK-KFUM	31	49	1 070	3 211	82	113	1 718	11 819	-	-	-	-
Noregs ungdomslag	180	451	3 598	51 696	186	510	3 597	54 445	131	369	2 995	50 000
Norsk amatørteaterforbund	187	779	5 983	130 567	178	827	6 158	129 983	116	754	4 910	110 827
Norsk frilynt ungdomsforbund	112	514	6 071	107 533	139	601	9 137	111 354	143	485	10 194	110 153
4H Norge	610	809	7 592	48 723	353	445	5 881	29 615	436	512	5 828	27 841
Ravn	10	45	312	312	11	59	288	1 500	25	52	508	2 500
Studieforbundet Solidaritet	15	15	95	232	-	-	-	-	4	10	50	150
Vestlandske Teatersenter	-	-	-	-	133	460	1 132	45 562	18	282	874	30 790

Kjelde: Norsk teaterråd.

Tabell 5.6. Frifond teater. Talet på søknader, framsyningar og aktørar, 2004-2011

	Søknader	Innvilga søknader	Framsyningar	Aktørar			
				I alt	0-12 år	13-26 år	27 år og over
2004	711	487	2 844	28 671	5 998	18 379	4 294
2005	659	442	2 636	27 642	5 400	16 924	5 318
2006	573	396	2 292	27 939	5 021	17 230	5 688
2007	580	385	2 402	28 567	6 168	14 256	8 143
2008	656	449	3 006	32 653	7 064	17 809	7 780
2009	676	450	3 017	34 173	8 551	16 910	8 712
2010	737	481	..	..	..	..	..
2011	687	513	..	28 677	9 559	19 118	..

Kjelde: Norsk teaterråd.